



Sjå framover med Venstre.

Tysvær Venstre
2023 - 2027





Se framover med Venstre.

Venstre ønsker et samfunn der alle har frihet og selvstendighet til å leve det livet de ønsker – uavhengig av alder, kjønn, livssyn, funksjonsnivå, seksualitet og bakgrunn. Makt og påvirkning skal komme nedenfra. Avgjørelser skal fattes nærmest mulig den det gjelder, og med størst mulig grad av åpenhet og medvirkning.

Venstre er et utålmodig parti. Vi vil ta samfunnet videre. Vi vil framover, ikke bakover. Derfor satser vi på skole og kunnskap, vi vil løse klima- og naturkrisen, og vi støtter små og store jobbskapere over hele landet. Venstre vil ha et samfunn der alle er frie og har mulighet til å delta. For å lykkes med det må jobben gjøres lokalt.

Natur og miljø.

Naturen i Tysvær er flott, men sårbar. Kommunen har ei sentral rolle i å kutta utslepp og ta vare på naturen.

Det viktigaste kommunen kan gjera er å leggje til rette for grøn næringsutvikling. Kommunane står sjølv for ein stor del av innkjøpa i Noreg, og ved å stilla strenge klima- og miljøkrav der kan me oppnå store utsleppskutt og bidra til at grønne produkt og tenester kjem inn på marknaden.

Venstre vil:

- ✓ Støtte solcellepark i Haugaland Næringspark.
- ✓ Ha solcellepanel på alle kommunale bygg.
- ✓ At Kårstø skal elektrifiserast.
- ✓ Ha satsing på havvind, ikkje fleire vindmøller på land.
- ✓ At størstedelen av nærings- og bustadbygging skal skje i allereie regulerte område.
- ✓ At alle eksisterande kommunale bygg skal energioppgraderast.
- ✓ At alle nybygg skal vera klimanøytrale.
- ✓ At kommunen skal vera arealnøytral innan 2030.
- ✓ At kommunen skal innføra arealrekneskap.

”Kommunen må innsjå sitt klima- og miljøansvar. Det er òg mykje pengar å spara på å vera energismarte.”

Vebjørn Espeland – 3. kandidat



Skule.

Tysværskulen skal vera ein trygg og god plass, der elevane får moglegheit til å visa fram sine beste sider gjennom ei praktisk og variert undervisning. Den viktigaste ressursen for dette er læraren. Difor vil Venstre styrka lærarane ved å gje dei meir kunnskap og betre tid.

Venstre vil:

- ✓ Gje tilskot til etter- og vidareutdanning for tilsette i skulen.
- ✓ At alle elevar skal oppleva mestring på sitt nivå.
- ✓ Sikra meir ressursar til klassar der elevar har spesielle behov.
- ✓ At skulehelsetenesta og helsesjukepleiar skal vera lett tilgjengelege.
- ✓ Styrka samarbeidet mellom fleire yrkesgrupper i skulen, til dømes lærarar, rådgjevarar, helsesjukepleiarar, miljøarbeidarar og andre.
- ✓ Styrka kompetansen til ufraglærte i skulen.

Kultur & frivillighet.

Frivilligheten er ein utruleg viktig ressurs. Venstre vil støtta opp om godt frivillig arbeid. Ulike fritidsaktivitetar for eldre må stimulerast til, og er ei oppgåve både for frivillige organisasjonar og kommunen.

Venstre vil:

- ✓ Sikra fortsatt støtte til lønna stilling innen frivilligheten, idrettslag, korps og andre.
- ✓ At kommunen er positiv samarbeidspartnar for frivillighet i alle deler av kommunen.
- ✓ Vidareutvikla transport med kommunal minibuss med sjåførar frå organisasjonar, frivillige og kommunen.
- ✓ Redusere prisen på kulturskolen for familiar med låg inntekt.
- ✓ Ha fritidskort i Tysvær.
- ✓ At Tysvær skal bli sett på som staden der utvandringa frå Noreg til Amerika starta , og at Tysvær skal ha ein sentral plass i 200-års jubileet for den norske utvandringa i 2025.
- ✓ At kommunen tek vare på viktige kulturelle område, som t.d. Sandbekken.

Kommunikasjon & samferdsel.

Tysvær Venstre vil gjera det lett å velja kollektivtransport. Me foreslår ei radikal nytenking om busstilbudet på Haugalandet.

Venstre vil:

- ✓ At Aksdal-Haugesund skal koma under bybuss-ordninga med avgang kvart 15. minutt og billettpris på 15 kr.
- ✓ Kutta prisen på månadskort med 250 kr
- ✓ Ha lokalbuss gjennom T-forbindelsen, til Aksdal, Haugesund, Håvik, Mjåsund.
- ✓ Sikra tilgong på 5G i heile kommunen.



Næring & arbeidsplassar.

Venstre vil ha ein serviceinnstilt kommune som hjelper fram dei som vil starta nye bedrifter og skapa nye arbeidsplassar.

Venstre vil:

- ✓ Støtta gründerar i etableringsfasen:
 - o Felles kontorlokaler.
 - o Nettverk
 - o Deling av idear.
- ✓ Aktivt støtta små og mellomstore bedrifter som ønskjer å gjennomføre grøn omstilling.
- ✓ Både kommunen og bedrifter må kjenne ansvaret i samband med lærlingordninga.
- ✓ Ha eit aktivt landbruk i heile kommunen.



”Frivillig arbeid er sjølve fundamentet i alle lokalmiljø. Kommunen må legge godt til rette for dette”

Narve Susort - 2. kandidat



”Eg ønsker at bussane skal gå ofte nok og vere billige, slik at me kan nytte dei til både jobb og skule.”

Torunn Vestbø Gjerde - 4. kandidat



Seniorpolitikk.

Den kommunale helsetenesta må ha kjennskap til den enkelte eldre og vedkommande sitt funksjonsnivå. Slik kan me gjera det betre for den enkelte, og vera meir treffsikre. Venstre vil òg ha eit fokus på dei pårørande, for å letta den store jobben dei gjer for samfunnet.

Venstre vil:

- ✓ Sikra at terapibassenget vert opna igjen.
- ✓ Ved fylte 75 år skal dei eldre ha eit besøk frå kommunen for å utgreie behov for hjelp i heimen.
- ✓ Sikra at det er gode skyssordningar, slik at eldre kan koma seg på aktivitetar i kommunen.
- ✓ Det må stimulerast til ulike fritidsaktivitetar for eldre. Dette er ei oppgåve både for frivillige organisasjonar og kommunen.
- ✓ Sørnga for gode møteplassar for brukarar og pårørande i kommunen.
- ✓ Bygga opp fleire avlastingsplassar slik at pårørande med ansvar for eldre kan få eit pusterom.
- ✓ Helsekvartalet må ha fellesrom for ulike måltid og sosiale aktivitetar.



Bustadspolitikk.

Venstre vil:

- ✓ Auka bruken av Husbanken sine verkemiddel i bustadpolitikken slik at fleire kan eiga eigen bustad, som i startlån.
- ✓ Sikre at me har nok velferdsbustader i Tysvær.
- ✓ Bruka lovverket til å sikra variasjon i bustadmarknaden med nok små leiligheter.
- ✓ Legga til rette for å bygga rimelege bustader for unge og uetablerte i Tysvær.
- ✓ Krev høgare andel ungdomsbustader og velferdsbustader ved sal av kommunale tomter og ved utbygging av større område, som på Skeiseid.
- ✓ At alle nye bustader skal ha smarte energiløysingar.



“Trygghet, trivsel, tillit”. Disse tre ordene oppsummerer mye av det som lokalpolitikken betyr for meg. Vi skal føle oss trygge på at vi får den hjelpen vi trenger når vi trenger den.

Vi skal trives i kommunen vår. Det betyr blant annet at eldre har gode tilbud, barn har barnehager og skoler som er trygge og som gir de mulighet til å vise fram og utvikle sine sterke sider.

Vi skal ha tillit til at kommunen stiller opp for innbyggere, næringsliv og frivillighet.

Godt val!

Trygve Egge

Ordfører kandidat, Tysvær Venstre

Venstre sine kandidatar i Tysvær.



1. Trygve Egge,
Dagleg leiar (f. 1971)



2. Narve Susort,
Prosjektleiar (f. 1958)



3. Vebjørn Espeland,
UX-designar (f. 1995)



4. Torunn Verstø Gjerde,
Adm. sekretær (f. 1970)

5. Pauline Vik Vestly

Student 2000

6. Simen Gullhaug

Student 2004

7. Yngve Askeland

Avdelingsleiar 1974

8. Sturla Vik Vestly

Advokat 1968

9. Gunnar Egge

Pensjonist 1946

10. Vidar Johannes Aarhus

Pensjonist 1946

11. Lailia Holgersen

Pensjonist 1949



Les meir om vår politikk på:
www.venstre.no/tysvaer

VENSTRE